

ORDNING FOR

Vigsel

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Vanlege ordningar

1. Ekteskap vert inngått ved at kvinne og mann offentleg, i nærvær av vitne og for godkjent (borgarleg eller kyrkjeleg) styremakt gjev kvarandre lovnad om at dei vil leva saman i ekteskap, og dette blir erklært å vera offentleg gyldig.
2. Ekteskapsinngåing etter ordning for kyrkja har både ei juridisk og ei kyrkjeleg side. Den handlinga som er ekteskapsstiftande etter samfunnet si lovgjeving, går føre seg for Guds andlet, og er difor ei kyrkjeleg handling av gudstenestleg karakter. Enkeltelement ved handlinga, som musikk, opplesing og andre innslag må utformast i samsvar med dette.
3. Handlinga finn stad i kyrkja eller ein annan høveleg stad.
4. Før handlinga har den som skal forretta – unntaksvis ein annan på vegne av han/henne – ein samtale med brudeparet.
5. Salmar, songar og det musikalske stoffet må på førehand godkjennast av forrettende pastor. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønenerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan også bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpe dei framømte i å ta imot Guds ord og vilje.

6. Vigsla bør gjerast kjent på førehand gjennom kunngjeringane i ei gudsteneste, og brudeparet vert nemnt i forbøna.
7. Dersom ein vil feire **Bryllaupsmesse**, følgjer ein ordninga **Vigsel** til og med siste salmen. Denne blir då salme før nattverden, etterfylgd av ei av nattverdordningane i Gudstenesteboka.
Ein kunngjer i Inngangsorda at det skal feirast bryllaupsmesse, for eksempel slik:

L Kjære (namn) og (namn). De har kome hit til (kyrkje) for å inngå ekteskap. Vi er samla her for å gleda oss med dykk. Vi skal høyra lovnaden dykkar til kvarandre og be om Guds velsigning over dykk og heimen dykkar. De har også bede om å få del i Herrens nattverd når de no begynner livet saman som ektefolk. Vi vil difor feira denne handlinga som ei bryllaupsmesse, slik at det er mogleg for dei som ønskjer det, å gå saman med dykk til Herrens bord på denne dagen.

8. Ektepar som har inngått ekteskap for borgarleg styremakt, kan sidan be om kyrkjeleg forbøn. Sjå ordninga **Forbøn for borgarleg inngått ekteskap**.

Rettleiing

1. I løpet av handlinga kan ein gje rom for medverknad av ulike slag. Det kan vera medverknad frå bryllaupsfølgjet ved enkelte av dei liturgiske ledda, og det kan vera tillegg til handlinga i form av musikk eller høgtlesing, eventuelt kombinert med at ein tenner lys i lysglobe. Blant dei kulturelle innslaga kan ein òg opna for element som understrekar ekteparet sin etniske bakgrunn. Der den eine eller båe ektefolka har ein annan kyrkjeleg tilknytning enn Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja, kan ein opna for deltaking frå vedkomande kyrkjesamfunn.
Både når det gjeld medverknad frå andre kyrkjesamfunn og kul-

turelle innslag, skal ein tilpassa den gudstenestlege karakteren til forbønshandlinga og ikkje bryta med Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja sitt trusgrunnlag.

2. Innslag som kjem i tillegg til liturgien, kan for eksempel bli plassert etter ledd 9 **Forbøn**.
3. Der namna skal nemnast, kan ein bruka fullt namn eller fornamn, etter det som er naturleg i det enkelte tilfellet. I spørsmåla under ledd 7 **Ekteskapsinngåing** skal det brukast fullt namn.

1 Preludium/Inngang

Musikk til preludium/inngang.

Brura kan først til plassen sin av ein representant for familien, eller brureparet kan gå saman fram og setja seg ved sida av kvarandre. Dersom det er ønskjeleg, kan ekteparet, forlovarar, liturg og andre gå inn i kyrkja i prosesjon. Viss ønskjeleg kan brudeparet og liturgen gå sist inn.

Deretter kan høveleg vokal- eller instrumentalmusikk bli framført.

2 Inngangsord

Anten **A**

L I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Eller **B**

L Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Deretter vert ekteparet og forsamlinga ynskt velkommen med desse eller liknande ord:

L Kjære (namn) og(namn) De har kome hit til (namn på kyrkja) for å inngå ekteskap. Vi er samla for å gle oss med dykk. Vi skal høyra lovnadene dykkar til kvarandre og be om Guds velsigning over dykk og heimen dykkar.

Deretter seier liturgen:

L Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.
Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no!

Sal 118,1.24

3 Salme

4 Skriftlesing

L Ekteskapet er Guds gode ordning.
Gud har innstifta det til glede og hjelp for mann og kvinne og til beste for samfunnet som dei er ein del av.
Han har ordna det slik at mann og kvinne skal vera eitt, slik Kristus og kyrkjelyden er eitt, og stadfest dette fellesskapet med si velsigning.
Ekteskapet er Guds gode gåve.
Å leva saman som mann og kone kallar oss til eit liv i tillit og kjærleik, til å ha omsorg for kvarandre og for heimen og stå trufast saman livet ut.

Guds ord vitnar om ekteskapet at det er heilagt og ukrenkeleg.

Det står skrive i Første Mosebok:

Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei. Gud velsigna dei og sa

til dei: «Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg henne under dykk!» *1 Mos 1,27-28a*

Og vår Herre Jesus Kristus seier:

Han svara: «Har de ikkje lese at Skaparen frå opphavet av skapte dei som mann og kvinne og sa: ‘ Difor skal mannen forlata far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal være éin kropp. Så er dei ikkje lenger to; dei er éin kropp. Og det som Gud har bunde saman, det skal ikkje menneske skilja.» *Matt 19,4-6*

I tilfelle der ein eller bae partar har eit brote samliv bak seg, kan følgjande formular brukast dersom bae er samde om det:

L Men der Herrens vilje er blitt broten, må ein bøya seg for Gud og seia:

«Dersom du vil gøyma på synd, Herre, kven kan då bli ståande?»

Guds tilgjeving kan gje oss ein ny start til å leva etter hans heilage vilje. Herren gje dykk kraft til det!

L Lat oss vidare høyra frå Guds ord.

2–4 av dei følgjande tekstane, minst éin frå kvart av dei to testamenta.

Skriftlesingane kan lesast av medlemmer av bryllaupsfølget.

Dei som skal lesa, går samla fram til lesepulsten.

Brudepar og kyrkjelyd sit under lesinga.

Salme 23

Salme 91,1-2.4.9

Salme 103,1-5

Høys 2,9-10a.13b-14

Salme 36,6-10

Salme 100

Høys 2,8-14.16-17 + 8,6-7a

Høys 8,6-7a

Matt 6,25-34

Matt 7,24-25

Rom 8,38-39

Gal 6,2

Ef 5,20-33

(i sin helhet eller i utdrag)

Fil 4,4-8

Hebr 13,4a

Matt 7,7-8.12

Joh 15,9-12[-17]

1 Kor 13 (i sin helhet eller i utdrag)

Ef 3,14-21

Fil 2,1-5

Kol 3,12b-14

1 Joh 4,7-12

Den tredje av lesingane frå Høgsongen kan lesast av éin tekstlesar eller av kvinne (I) og mann (II).

I

Høyr, det er kjærasten,

der kjem han,

springande over fjell,

hoppande over haug.

Kjærasten liknar ein gasell,

ein ung hjort.

Der står han bak muren vår.

Han gløtter inn gjennom vindauga,

kikkar inn gjennom gitteret.

Kjærasten tek til orde og seier:

II

Stå opp, mi kjære, mi vakre jente,

og kom!

No er vinteren over,

regnet er forbi, det er borte.

Landet blir dekt av blomar.

Songtida er her,
turteldua kan høyrast i landet.
Frukta på fikentreet mognar,
blomen på vinstokken angar.
Stå opp, mi kjære, mi vakre jente,
og kom!
Mi due i fjellkløfta,
i livd under bratte berg,
lat meg få sjå deg,
lat meg få høyra røysta di!
For røysta er mjuk
og skapnaden vakker.

I

Kjærasten er min, og eg er hans,
han som gjeter mellom liljene.
Heilt til dagen blæs skuggane bort,
spring som gasellen, kjærasten min, som ein ung hjort
over kløfter og fjell!

I/II

Set meg som eit segl på hjartet ditt,
eit stempel på armen din!
For kjærleiken er sterk som døden,
lidenskapen ubøyeleg som dødsriket.
Han brenn som logande eld,
ein Herrens loge.
Veldige vatn slökkjer ikkje kjærleiken,
elvar skyl han ikkje bort.

Høgs 2,8-14.16-17 + 8,6-7a

Siste lesing vert avslutta med:
«Slik lyder Herrens ord.»

Her kan følgja

5 Salme

Eller høveleg vokal- eller instrumentalmusikk.

6 Tale

Liturgen held ein tale over eit av dei skriftorda som er lese under ledd 4 eller over ein annan høveleg tekst.

7 Ekteskapsinngåing

L Kom no fram (til Herrens altar), så vi kan høyra lovnadene dykkar til kvarandre og be om Guds velsigning over dykk og heimen dykkar.

Brudeparet går fram.

Deretter følgjer

Anten **A**

L For Gud vår Skapars andlet og i nærvær av desse vitna spør eg deg, (det fulle namnet til brudgomen utan tittel): Vil du ha (det fulle namnet til brura utan tittel), som står attmed deg, til ektemake?

Brudgomen: Ja.

L Vil du elska og æra henne og bli trufast hos henne i gode og vonde dagar til døden skil dykk?

Brudgomen: Ja.

L Like eins spør eg deg, (det fulle namnet til brura utan tittel): Vil du ha (det fulle namnet til brudgomen utan tittel), som står attmed deg, til ektemake?

Brura: Ja.

L Vil du elska og æra han og bli trufast hos han i gode og vonde dagar til døden skil dykk?

Brura: Ja.

L Så gjev kvarandre handa på det.

Brudeparet vender seg mot kvarandre og gjev kvarandre høgre hand.
Liturgen legg handa på brudeparet sine hender.

L For Guds andlet og i nærvær av desse vitna har de no lova kvarandre at de vil leva saman i ekteskap, og gjeve kvarandre handa på det. Difor kunngjer eg at de er rette ektefolk, i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Eller **B**

L For Gud vår Skapars andlet og i nærvær av desse vitna spør eg deg, (det fulle namnet til brudgomen utan tittel): Vil du ha (det fulle namnet til brura utan tittel), som står attmed deg, til ektemake?

Brudgomen: Ja.

L Like eins spør eg deg, (brura sitt fulle namn utan tittel): Vil du ha (brudgomen sitt fulle namn utan tittel), som står attmed deg, til ektemake?

Brura: Ja.

L Sei no etter meg.

Brudgom og brur vender seg til kvarandre. Dei gjev kvarandre hendene og blir ståande slik medan dei gjev lovnaden.

Liturgen les lovnaden ledd for ledd, deretter seier brudeparet det, brudgomen først.

L Eg tek deg (brura sitt namn) til kona mi.

B Eg tek deg (brura sitt namn) til kona mi.

L Eg vil elska og æra deg

B Eg vil elska og æra deg

L og bli trufast hos deg i gode og vonde dagar

B og bli trufast hos deg i gode og vonde dagar

L til døden skil oss.

B til døden skil oss.

Deretter vert lovnaden teke opp att på same måten av brura, slik:

L Eg tek deg (brudgomen sitt namn) til min ektemann.

B Eg tek deg (brudgomen sitt namn) til min ektemann.

L Eg vil elska og æra deg

B Eg vil elska og æra deg

L og bli trufast hos deg i gode og vonde dagar

B og bli trufast hos deg i gode og vonde dagar

L til døden skil oss.

B til døden skil oss.

Liturgen legg handa på brudeparet sine hender.

L For Guds andlet og i nærvær av desse vitna har de no lova kvarandre at de vil leva saman i ekteskap, og gjeve kvarandre handa på det. Difor kunngjer eg at de er rette ektefolk, i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Her kan følgja

8 Overrekking av ringar

Anten **A**

L Gje no kvarandre ringane, som de skal bera til teikn på lovnaden om truskap.

Kvar av dei set ringen på fingeren til den andre.

Eller **B**

L Gjev no kvarandre ringane, som de skal bera til teikn på lovnaden de har gjeve kvarandre.

Sei etter meg.

Liturgen les orda ledd for ledd, deretter seier brudeparet dei, brudgomen først.

L (Brura sitt namn), eg gjev deg denne ringen

B (Brura sitt namn), eg gjev deg denne ringen

L som eit teikn på lovnaden om kjærleik og truskap.

B som eit teikn på lovnaden om kjærleik og truskap.

Ringen vert sett på fingeren til brura.

Deretter tek ein opp att overrekkinga på same måte av brura, slik:

L (Brudgomen sitt namn), eg gjev deg denne ringen

B (Brudgomen sitt namn), eg gjev deg denne ringen

L som eit teikn på lovnaden om kjærleik og truskap.

B som eit teikn på lovnaden om kjærleik og truskap.

Ringen vert sett på fingeren til brudgomen.

9 Forbøn

Ekteparet knelar.

Liturgen bed med handspålegging ei av følgjande bøner, som blir avslutta med Herrens bøn.

Eventuelt kan også andre i følgjet ta del i forbøna med handspålegging.

I

Anten **A**

L Miskunnsame Gud og Far, du som har innstifta ekteskapet og velsigna mann og kvinne, vi bed deg: Lat di velsigning kvila over (namn) og (namn) som her knelar for ditt andlet. Fyll dei med din kjærleik og bygg heimen deira i fred. Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

Eller **B**

L Gode Gud, vi takkar deg for (namn) og (namn) og for kjærleiken deira til kvarandre. Velsign livet deira som ektefolk.

Hjelp dei å halda den lovnaden dei har gjeve kvarandre, så ekteskap deira kan bli fylt av tillit, omsorg og glede.

Gjev dei evne og vilje til å byggja heimen sin i fred, så det blir ein stad der [born kan veksa opp i tryggleik og] familie og venner kan finna fellesskap.

Du som er vegen, sanninga og livet, lat dei få vandra i di sanning. Du som tilgjev og lækjer, hjelp dei å tilgje kvarandre. Du som er kjærleiken si kjelde, gje dei og alle ektefolk å veksa og mognast i kjærleik.

II

Her kan ein leggja til ei fri bøn , eventuelt kombinert med lystenning. Eller kyrkjelyden kan syngja ei bønesalme (medan ekteparet knelar). For eksempel *Ære være Gud* nr. 634, 615 eller *Salmer underveis* nr 273

III

Forbøna blir alltid avslutta med Herrens bøn.

L Lat oss saman be Herrens bøn.

A Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikke koma i freisting,

Men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

L Herren velsigne deg og vare deg.
Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred. †

M Amen.

Ekteparet reiser seg.

Her kan følgja

10 Musikk/symbolhandlingar

Deltakarar i festfølget og andre kan ta del med musikk, høgtlesing eller andre innslag.

For eksempel kan denne symbolhandlinga nyttast:

- Som eit teikn på den nye einskapen bed liturgen ekteparet syna at ei ny fase i livet har teke til.
- Mann og kone går til kvar sin kant av altaret/koret og tek imot eit lys frå ein av dei næraste i sin familie (far, mor eller ein annan som er næraste pårørende). Familiemedlemen tenner lyset.
- Når lyset er motteke, går mann og kone sakte, frå kvar si side, med lysa tente mot eit tredje lys (større enn dei to andre og dermed litt annleis) som er plassert i ein stake midt framfor altaret/koret (eller framme i midten av romet).
- Mann og kone tenner så, samtidig, dette tredje lyset med kvart sitt lys. Deretter sløkkjer dei det mindre lyset dei tok imot, rekkjer det til forlovarane og grip båe om det tredje lyset og lyfter det opp, vende mot kyrkjelyden, for så å setja det i staken att.
- På denne måten blir det eit symbol på at dei to er eitt.

11 Salme

12 Velsigning

L Vend mot kyrkjelyden

Tak imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L Herren Jesu Kristi nåde,

Guds kjærleik

og samfunnet med Den heilage ande

vera med dykk alle. †

M Amen.

Her kan det vera vokal- eller instrumentalmusikk.

13 Postludium/Utgang

Musikk til utgang. Ekteparet går saman ut av kyrkja.